



Arild Veland  
Svindalsvegen 15  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2936 - 19/32478

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
04.11.2019

## Avvist søknad om garasje - gbnr 24/29 Fammestad

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 23.10.2019.  
Saka gjeld søknad om garasje.

### Planstatus

Eigedomen ligg innafor reguleringsplan for Kløve bustadfelt-utvida (Sveene) og er sett av til bustadføremål.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.  
Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Søknaden er ikkje nabovarsla
2. Det er ikkje sendt inn teikningar av omsøkte garasje. Desse teikningane må også vere målsatt.

Det er sendt inn søknad om dispensasjon i frå byggjegrense mot veg. Denne skal handsamast av kommunen sin vegavdeling. Vi er kjent med at i denne saka er sendt ut mangelbrev der det vert etterspurt situasjonskart med mål. Slik vi forstår saka er det uklart om de måla som er opplyst i søknad om dispensasjon og syna på situasjonsplan i denne saka er riktig. Ved ei eventuell ny søknad om garasje må dette vere avklart og innteknna på nytt situasjonskart.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om garasje avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til**



dokumentasjon.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement..

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Arild Veland  
Arild Veland

Svindalsvegen 15 5913  
Svindalsvegen 15 5913

EIKANGERVÅG  
EIKANGERVÅG